



ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 9

NOVEMBER 1975

24. årgang

Arkitekturvern – miljøvern


Vi presenterer Monsetgrenda slik ho såg ut i gamle dagar. Vi har arkitekturvernår, det har mest drukna i kvinneåret. Orkdalingane har hatt sansen for å ta vare på gamal stil og tradisjonar, og dei er mange og rike her. Men vi er redde for at ein del god, gamal byggestil forsvinn. T.d. på Orkanger. Eller korleis vil det gå med den så aldeles idylliske sjølandsbyen Gjelme? Orkdal kommune bør få ei arkitekturvernplan. Her er store oppgaver for Kulturnemnda. Rett forstått er slikt miljøvern i vid forstand!

Orkdal bør få sin tredje aldersheim

Sjukeheimen på Fannrem nærmar seg si fullføring. Vi gleder oss med dagane. Klarer ein å skape eit så heimegodt miljø som aldersheimane på Orkanger og Fannrem, så får mange pleiepasientar det godt. Men det skal mye til å ta vare på det personlege i miljøet når institusjonen blir så stor. Opplegget ved Orkdal sjukehus vil kanskje bli ein inspirator til det beste også ved den nye sjukeheimen.

Men dei oppegåande eldre og enkelte yngre med handicap treng bedre tilbud i Orkdal. Og her må vi ikkje få for store institusjonar. Her må det vere ein heim. Og dette må plasserast i nærmiljøet.

Frå gammalt av har det vore drøfta om reising av ein eldreheim i Orkland. Dei fleste meiner vel no at gamle Orkland kommunestyre gjorde ein feil da dei bygde kommunehus istaden for aldersheim rett før kommunesamanslutninga. No bør tanken igjen fremjast med styrke. Det må byggast eit eldre-tun i Orkland. Ein aldersheim med ca. 25-30 plassar og eldrehus i nærleiken. Ein har den store fordelen at heile miljøopplegget kan planleggast frå første stund.



Det trengst ein eldreheim i Orkland. Det skaper store vanskar for trivsel og heimekjensle at dei eldre frå øverbygda skal måtte flytte til Fannrem eller Orkanger. Dette er det avstandane som gjer, vi har som sagt stor respekt for dei som steller med aldersheimane på Orkanger og Fannrem.

Eit eldre-tun i Orkland må priorite-

SLEKTERS GANG



Døpte

- Orkland**
2/11 Vidar Witzøe
- Orkdal.**
20/9 Steinar Hovsbakken døpt i Ila k.
28/9 Catrine Kvakland
5/10 Rolf Kurås
Terje Lervåg
19/10 Rune Mæhlen
Knut Ole Fagerholt.



Vigde

- Orkdal.**
4/10 Frode Olsen og
Mary Siri Klungervik.
- Orkanger**
4/10 Odd Arne Sletvold
og Charlotte Hansen.



Døde

- Orkland**
20/10 Hermann Rosmann.
- Orkdal.**
4/10 Iver Gangås f. 1892
5/10 Anne Andøl f. 1891
19/10 Anne Sletvold f. 1911
- Orkanger**
29/9 Alfred Kristian Rønning f. 1902
5/10 Håkon Rasmussen f. 1907
15/10 Arne Mælen f. 1894
15/10 Jens Martin Jenssen f. 1884
20.10. Olav Wavoll f. 1910.

rast. Vi vonar det blir tatt opp i sosialstyre og kommunestyre. Kom-

Det finaste hjartet

Det kjem ikkje an på kva du heiter,
kva for titel du har,
kor mykje du tener i pengar —

om du har fin bil,
gildt hus,
om du er stor eller liten.

Alle ytre kjenneteikn er hamen,
skalet kring det indre menneske,
det verdfulle menneske.

Skalet kan vera tjukt eller tynt,
hjá sume så tjukt
at du aldri trenger inn,
hjá andre så tynt
at det brest for eit vondt ord.

Eg er mest glad i dei menneska
som ikkje har
noko ytre skal —
der hjartet ligg ope.

Dei foraktar seg sjøl, kanskje,
der dei ligg i avgrunnen
og ropar på hjelp.

Eg er mest glad i deg som ropar:
Du har det tynnaste skal
og det finaste hjartet.

Eg høyrer ropet ditt og vil hjelpe.
Asbjørg Svare.

Slikt kan også hende

Det kom brev frå ein misjonær her om dagen. Noko pessimistisk i tonen. Problemet var at det vanta omlag 5.000 kroner til heilt naudsynlege ting til eit kyrkjebygg ein stad nede på Aust-Madagaskar. Om NMS sitt Kontaktkontor kunne hjelpa, t.d. med å setja i gang ein innsamlingsaksjon? - Kontoret driv nemleg for tida på med å engasjera norske kyrkjelydar i høvelege misjonsprosjekt ute, så som kyrkjetak o.l. — Straks brevet var lese, tok kontoret kontakt pr. telefon med ein sokneprest på Karmøy. Svarét var spontant og positivt: Presten skulle tala saka for soknerådet. Med tida skulle nok saka verta løyst.

Få timar seinare same dagen ringjer dei opp frå Karmøy: Prestefrua hadde vore eit snarærend i Skudesnes. På

munestyrepresentanane frå Orkland bør samankalle til eit folkemøte om dette.

gata vart ho stansa av eit menneske som stakk til henne ein stor bunke pengesetar. — «I dag har eg vorte så minna om å gje 5.000 kroner til Madagaskar. Nå var eg retteleg heldig som råka borti ein som kan formidla gáva!»

Solskinshistorie, seier du. Ja, sånt som skjer når Far i himmelen vil oppmuntra trøytt tenarar. «Før de ropar, skal eg svara, medan de ennå talar, skal eg høyra». Es. 65, 24.

Prestestillinga på Orkanger er utlyst på nytt med søknadsfrist 17.11. Det er ei gledeleg hending som vi må takke for, tenke på og be om.

Gjelme feavislav er oppløst

Alle midlane kr. 3100,— er uavkorta gitt til Råbygda Bedehus.

Styret takkar for gledeleg gáve.

Adresseliste

Orkdal sokn.

adr. 7320 Fannrem
Sokneprest Kaare Rogstad t. 82142
Klokkar Alfild Engen t. 82435
Organist Steinar Jakobsen t. 86841
l. 2187.

Kyrkjetenar Lars Fandrem t. 82476
Kyrkjeverge Arne Fagerholt t. 80614
Form. i soknerådet Arnt Gangås
t. 82260

Orkland sokn

adr. 7330 Svorkmo
Res. kap. Inge Eidhamar t. 86841
l. 2088.
Klokkar Jens Indergård t. 84533
Kyrkjetenar Helge Sandstad t. 86841
l. 2058.

Kyrkjeverge Ingvar Grytdal t. 86 841
l. 2021.

Form i soknerådet Martha Fagerli
t. 86 841. l. 2156.

Orkanger sokn

adr. 7300 Orkanger
Menighetssekr. Per Solem, t. 80 589.
Prestekontoret t. 80 671
Organist Erling Hoff t. 80 472
Kirketjener John Stokke t. 80 564
Kirkeverge Egil Singstad t. 80 517
Form. i soknerådet Agnes Singstad

Geitastrand sokn

adr. 7374 Geitastrand
Klokkar/kyrkjetenar Gunerius Kjøren
t. 83 453.
Organist Magnhild Hoff t. 80 472
Form. i soknerådet Gunvor Rian
t. 80 154

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

Anny Bonde.

Reidar Halgunset.

Redaktør: Inge Eidhamar.

Annonser:

Sigmund Haugset.

Kasserar:

Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.

Postgironr.: 32 68 72.

Takk for gáver og kontingent.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

Tormod Hagen —
ny formann
i Fjellkirkestyret

Skolesjefen personleg — med sine millionsummar til skolebygg — er blitt ny formann for styret og rådet i Søvasskjølen Fjellkirke.

Det vil seie — eigentleg er han den første formann — før eksisterte det berre ein komite.

Vi spør han «dagen derpå» om kor mange millionar han har aust ut i si tid i kommunale skoleprosjekt? Dei er visst for store for å rekne desse millionane, så vi får ikkje skikkeleg tak i summen. Men han har vore med på skolebygg i Gausdal, Valsøyfjord, Alvdal og Orkdal. Så noe må det bli.

Da er det vel ikkje så skremmande med 1.2 mill. til fjellkirke? «Nei, det er ikkje avskrekking», seier Hagen.

«Det er i alle fall behov for kirkebygg på Søvasskjølen», legg han til. «Komiteen som har førebudd saka har gjort eit godt arbeid, og er komme langt».

Trur du Hagen at eit kirkebygg på fjellet vil føre til fleire tomme plassar i kirkene nede i dalen? Han svarer personleg: «Eg sjøl ber på eit stort behov for å kome ut i naturen og på

PRESTEKONTORET

Den Gode Hyrdes kapell.

Tirsdag kl. 17 - 19

Torsdag kl. 18 - 19

Fredag kl. 08 - 10

Merk forandringene.

Kirkekonsert i Orkland

Tirsdag 11. nov. kl. 19. blir det konsert/musikkandakt i Orkland kirke. Hovudansvarleg er lektor Helge Dahl ved Orkdal Gymnas. Han underviser i kristendom, tysk og norsk ved gymnasen. Han har kristendom som hovudfag. Ved sida av har han også organisteksamen, og underviser i song og musikk. Programmet inneheld solonummer med orgel, trompet og fløyte. Lagskoret er med, og det blir liturgisk kveldsbøn ved ein av klassane på gymnasen. Programmet omfattar ei spenning frå renessansemusikk til gospel. Det blir kollekt til skolelaget. Vi er glade for at gymnasen markerer seg i bygdemiljøet på denne måten, og ønskjer med det vel møtt til ein fin kveld i Moskjerka.



Er presten einsam?

Tomme kirker! Folk les ikkje menighetsbladet! Er presten einsam?

Vel, det er noen som seier det, og det er noen som trur det. Men det er ikkje sant! Ingen av dei tre påstandane er sanne!

Det er stor aktivitet i kirkene, og mye folk. Dei fleste forsamlingshus er mindre besøkt. Vi har eit avgjort inntrykk av at folk set pris på den kontakt som menighetsbladet gir. Og presten er langtfra einsam. Vi har eit sterkt inntrykk av at prestetenesta fungerer godt og rikt i gravferder, bryllaup, på sjukehus, på møter og på tomannshand.

Problemet er: Ein har ikkje resursar nok, ein strekk ikkje til: Kirka er ikkje berre presten. Han er så aldeles i mindretal! Ingen institusjon med så få tilsette har slik tilslutning. Vi har rett og slett skrikande behov for fleire fast tilsette i Orkdalsmenighetene. Oppgávane veks oss over hodet!

Men la oss vere konkret. Vi legg i dag med postgiroblankett for gáver og kontingent for menighetsbladet for 1976. Utgiftene til bladet er så godt som berre trykking, klisjear, porto. Det ligg ei mengd gratisarbeid bak. Det blir ikkje gitt honorar til noen. Men ikkje minst dei veldige portoaукene som har kome, og som det er gitt bod om også for 1976, er tunge og mørke skyer.

Takk for fellesskapsánda med á støtte oss hittil! Hjelp oss til á skape eit bedre menighetsblad i 1976!

Søvasskjølen Fjellkirke

RADET

Odd Klomstein, Ester Husby, Gunhild Bjørnbet, Gunerius Kjøren, Per Solem, Agnes Singstad, Olav Helge Angell Noreng, Agnes Skauvik, Kåre Gjønnnes, Aage Garberg, Erling Fagerholt, Tormod Hagen, Agnes Dalen, Ola Ljøkjel, Inge Eidhamar, Signe Ofstad, Kaare Rogstad.

STYRET

Tormod Hagen, formann, Aage Garberg, Ola Ljøkjel, Agnes Singstad, Olav Helge Angell Noreng, Agnes Skauvik, Inge Eidhamar.

INTERVJU

med Bernt Vogt Ramslie, sokneprest i Tinn og utflytt trønder: «Alt vårt forarbeid skal de få gratis, og det er ikkje lite det, men prosjektet på Søvasskjølen gleder oss og inspirerer», seier ein travel sokneprest og byggekomite-medlem.

Kåre Gjønnnes, avtroppande komiteformann: «Det har tatt lang tid i førebuingfasen, men vi trur det har vore ei nødvendig modningstid. Eg er takknemleg for å ha fått vore med, håper at arbeidet blir nyttig for det som skal kome og at intensjonen om å sette Guds ord i funksjon blir ei oppfylt målsetting».

KOSTNADSRAMME

1,2 millionar medrekna kostnadsauke eitt år framover! Ingen behøver besvime.

Finansieringsforslaget ser slik ut: Innsamla midlar: Kr. 100.000. Dugnadsinnsats: Kr. 50 000. Gratis tømmer (med dugnad): Kr. 100.000. Pårekna rabattar: Kr. 65.000. Den Norske Kirkes Landsfond: Kr. 25.000. Feriefondet: Kr. 25.000. Landbrukets utbyggingsfond: Kr. 10.000. Orkdal kommune: Kr. 200.000. Fondet for alkoholfrie serveringsstader: Kr. 200.000. Opplysningsvesenets fond: Kr. 125.000. Lån av lokale kyrkjefonds: Kr. 100.000. Tilbakebetaling av meirverdiavgift: Kr. 200.000.

SLIKT KAN OGSÅ HENDE!

Vi skreiv til kirkedepartementet og spurte om vi gratis skulle få tømmer av prestegardsskogen i Orkdal. 3 veker etter ringte skogfullmektig Erling Ustad og sa at no er tømmeret alt blinka. Versagod hogg ut! Dette vil seie nok tømmer til alle trematerialer ved heile kirkebygget. For oss representerer det i alle fall verdiar for 100 000 kr. Takk og pris!!

Dette er utan samanlikning største enkeltgåva hittil. Men kanskje det kan hende meir. Til dømes at ein eller annan har funne ut at dette er tingen vi skal satse på. Her er ei god lokal sak som treng støtte. Her er ein gylde sjanse til å skape god miljøpåverking etter si tru og sine ideal. No er




SOM LOVA.

Vi kom raskt tilbake med informasjon

Her presenterer vi altså Søvasskjølen Fjellkirke som etter planen skal reises i året 1976. Det er innkjøpte tegninger frå Skirva, Fjellkirke, Tinn i Telemark. Vi er økonomiske, prisen ligg i alle fall 50.000 under det vi elles måtte ha gitt. Arkitekt er Roar L. Tollnes, Sandefjord.

Gratis konsulentarbeid reknar vi også med, av ein utflytt trønder. Slik er det når hjartet er på rett plass. Og vi har trua. Javisst har vi det!

No skal desse to sidene gi mange andre tru og innsatslyst. Første enkeltgåva til kirka er to tinnlysestakar. Symbolsk i si oppmuntring. La oss tende fleire lys — mange. Kanskje Søvasskjølen Fjellkirke får namnet: «Lysets katedral!» Det står om «dagens og lysets barn» i skriftera.



Kirkeskipet skal vidare!

ELDRE

Vi har omhyggeleg omgått uttrykket sportskapell. Enda sport kan vel alle drive utfrå sin eigen samanheng. I konstruksjon og innreing har arkitekten tatt omsyn til folk med fysiske funksjonsvanskar. Her skal alle få kjenne seg heime. Alle har hørt uttrykket «ungdomsweekend».

For å følge sjargongen: Vi lanserer «Eldreweekend!» Eldre skal få oppleve fjellet til alle årstider.

BARN OG UNGDOM

Her skal det drivast førebyggjande arbeid, men gjerne også ettervern. Fjellkirka skal bli eit senter for godt barne- og ungdomsmiljø. Det skal vere ei sårt tiltrengt motvekt mot all nedbrytande og tom påverking. Her skal framtida formast i alvor og glede.

OSS ANDRE

Ja, oss mellomaldra som i omsorga liksom skal klare oss sjøl, og verken blir sett på som fugl eller fisk. Kva med oss? Ville det gjere seg med ein

konferanse om til dømes: Problem i 40-årsalderen, Når barna blir vaksne, eller Einsleg i eit familiesamfunn, — eller at vi rett og slett kjem saman utan å diskutere noe problem. Plass og rom skal det bli. Kanskje vi kan starte ekteskapskurs?

SØVASSKJØLEN FJELLKIRKE

postgiro 3675436 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE
I ORKDAL.

IDRETT

Det som fyller alle avisspalter, og det som alle liksom skal drive når dei er på fjellet. Vel, all verksemd her skal styrke kroppsliv som åndsliv. Dette skal bli masseidrett! Og sjølv sagt kan eit godt gamaldags langrenn, eller ein skidag ha sitt sentrum i fjellkirka på Kjølen. Spesielt trur vi skolan vil få stor glede av dette. «Ei sunn sjel, i ein sunn lekam», det er også eit godt valspråk for oss.



tida inne til å kome ut av hiet glade givar. Nett no blir det til mest inspirasjon og framdrift.

Vi las i avisa ein dag: «Ofringen er ikke tiggeri — det er i virkeligheten et tilbud om å få være med på et byggende arbeid. Offerskålene — et tilbud», sto det. Det er altså fleire som er av vår mening! Du også, tenkjer vi i vår optimisme.

FORKLARING TIL BILDE

Eksteriøret er greitt. Det talar sitt eige språk. Første etasje til høgre: 1. Internatrom, 2. Toalett, dusj. 3. Hobby/filmrom, 4. Disponibelt. 5. Lagerrom, 6. Skistall. Andre etasje til venstre: 1. Kyrkjerom, 2. Peisestue, 3. Kjøken, 4. Kontor, 5. Internatrom, 6. Toalett/dusj, 7. Lagerrom, 8. Skaresti, 9. Ledarrom, 10. Terrasse.

FORMAL


Å møte menneska i vår tid, i alle aldrar, der dei er, med det kyrkja dei er medlemmer av står for. Tenk over det som her står. Det er eit krevande program. Det tyder full respekt for kvart menneske ulike som vi er, og det tyder full respekt for kyrkja sin Herre og bodskap.

Ånd, sjel og kropp er ein heilskap etter kristen tankegang. Her skal det vere vekstom og utvikling for det heile menneske.

Orkdal Sparebank

Orkanger . . . kl. 08.00 - 15.00
Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00
(Tlf. 80 450)
Fannrem . . . kl. 08.00 - 14.30
(Tlf. 82 191)
Selbekken . . . kl. 09.00 - 14.30
(Tlf. 115)

Lørdager er alle kontorer
stengt.





Eldres Hyggetime

blir arrangert på Hoston grandehus tirsdag 11. november kl. 15. Alle eldre fra Orkland er vel møtt. Ein kan ringe Svorkmo 2102 (Karen Rønningsbakk) eller 2023 (Rannveig Tronvoll) for å få skyss. Eldres Hyggetime blir det også på Svorkmo misjonshus tirsdag 2. desember kl. 11. Same ordning med skyss.

Orkanger sokneråd

arrangerte Eldres Hyggetime på behuset 22.10. Godt fram møte og trivelig treff. Dette må halde fram. Det har også vore oppmuntrande eldre-treff på Svorkmo og Monset i oktober. Menighetssøsterlaget i Orkland vil ordne skyss til alle eldressamlingane i øverbygda.

Konfirmantjubilea

i Orkland, Orkanger og Geitstrand er alt avvikla. Etter vårt syn var dei svært vellykka, det var ei sjeldan åpen og god stemning. Det viser seg meir år for år kor verdfulle desse samlingane er.

Ten Sing Orkanger

er i drift igjen etter eitt års pause. Dei har øving i Den Gode Hyrdes kapell kvar onsdag kveld. Musikalsk ledelse er dr. Ottar Hope. Dessutan er Janne Landrø og Arnt Løfshus med som ledarar. Umusikalsk assistanse er ved Per Solem. Det er ein del unge frå Fannrem med, men dei fleste er frå Orkanger.

Rune Larsen

og Trondheim Ten Sing presenterte 20.10. eit samtidig profesjonelt og åndeleg vekkeprogram i aulaen på Orkdal gymnas. Det var selt over 500 billetter, og salen var stuvande full av ungdom. Det var klar forkynning både i songopplegget og i den munnlege tale. Det er i ferd med å hende noe i blant oss — så avgjort!

SØNDAG ER KIRKEDAG

Intervju med menighetssekretæren

Lærer Per Solem har no fungert som menighetssekretær i Orkdal i godt eit år.

Det er halvdagsstilling — han har framleis halv post som lærar ved barneskolen på Orkanger.

Kombinasjonen er ikkje heilt enkel, og til saman blir det nok ofte meir enn full post. Men Per ser ut til å trivast, han ser framleis glad og blid ut. Når vi også legg til at han ved sida av bygg hus oppe i Evjensbakkane, så er det mest ikkje ventande at humøret skal halde.

Men han er eit einaste stort breitt smil der han sit bak kontorpulten på prestekontoret på Orkanger. Per prest passer bra, men han likar ikkje at vi seier det.

Kva driv du så på med?

Ja, eg sit da her mellom anna, seier han. To dagar er eg på prestekontoret. Fører inn fødte og døpte, skriv brosjyrar og sender attestar. Og pratar med folk. Det er mange som er innom kontoret.

Per Solem er på kontoret tysdag og fredag, medan res. kap. har torsdagskontortida.

Inne frå kapellet trenar Ten Sing med sine glade tonar. Per er praktisk leidar for dette. Dessutan har han ansvar for konfirmantane. Da skal han vere prest og ikkje lærar. Det er nok ikkje lett å skifte stilling frå time til time.

Per fortel at det er 55 konfirmantar som blir undervist, medan 38 skal konfirmerast på Orkanger. Det er mindre enn vanleg.

Per Solem driv søndagsskole på onsdag. Det er i Den Gode Hyrdes kapell. Han har også hatt litt kontakt med sönadgsskolearbeidet elles i prestegjeldet. Vidare leder han bibelgruppe, møter i soknerådet og har fått oppdrag både i fjellkirkerådet og menighetshuskomiteen. Han har til og med hatt formiddagsmøte på Sølberg.

Aldersheimane og sjukehuset krev og sitt. Der går menighetssekretæren inn i turnus med prestane. Per er blitt eit begrep, og har sett seg i respekt. Men det er framleis med sitt umiskjennelege Solemsmil.

Til slutt spør vi om ei vurdering av situasjonen på Orkanger? Og Per Solem svarar: «Dersom ein hadde folk som ville gjere ein innsats, er det

kolossale muligheter her. Det er mellom anna mange positive ting blant ungdommen. Men det er ikkje rett å underslå at det er mørke skyer i horisonten også. Det er mangt å vere med på, men foreldra burde vere med på å skape eit kristent inspirert ungdomsmiljø. Vi har bruk for nye verdier».

Bekjennelsen

Er det nødvendig å være en bekjennende kristen? Kan en ikke være kristen for seg selv. Lese i bibelen og be til Kristus i enerom, — eller sammen med sin ektemake. Dette må da bare være et forhold mellom deg og Gud sier du.

Nå taler bibelen om to ting som vil vise at du er en kristen. Ditt liv, — dine gjerninger og dine ord. Når du har sagt ja til Kristus, så vil dette prege hele ditt liv, — både i ord og gjerning.

Her skal vi ta for oss det som har med ord å gjøre, altså munnens bekjennelse.

Rom. 10, 9-10. For hvis du bekjenner med din munn at Jesus er Herre, og tror i ditt hjerte at Gud har oppreist ham fra de døde, da skal du bli frelst. Også neste vers understreker dette med bekjennelsen. Se også Mt. 10, 32 og Lk. 12, 8-9.

Jesus vil på det sterkeste understreke dette for oss i Mt. 5, 14 ff. Hva skjer hvis vi setter en bølge over et lys? Jo, lyset vil slokne ganske snart av mangel på surstoff. Og så er det vel ingen som finner på å tenne et lys og sette en bølge over for å skjule ly-

Mors lille Ole



Gago Giller

- Flint, da kan far få dine pannekaker til middag, Ole!

set. Da har ikke lyset lenger noen misjon. Et lys tennes for at det skal lyse omkring seg. Dette er det Jesus vil si oss. Når Guds lys har fått plass hos oss, — inne i oss, når vi har sagt ja til Jesus, så har vi Guds rike inne i oss som Jesus sa Lk. 17, 21. For han (Jesus) er verdens lys. Joh. 8, 12.

Jesus advarer oss mot anonymiteten. Vi kan ikke være bærere av Guds lys og samtidig skjule det, for som han sier; det kan ikke skjules. — En by som ligger på et fjell kan ikke skjules. Mt. 5, 14.

De kristne har bruk for hverandre på mange forskjellige måter, som Paulus sier; vi er som lemmer på Kristi legeme, og alle lemmene er avhengige av hverandre for at legemet skal fungere. Samfunnet mellom de kristne er da også et kjennetegn på at en er et Guds barn. 1. Joh. 3, 14.

La oss så be om kraft til å bekjenne Kristus for hverandre og håpe at vi selv må finnes blant de som når fram på den store dag.

PJS

GAVER til bladet

ORKANGER :

Gerd Olsvik kr. 10. Johanna Sæther 50. Edmund Henden 20. Kari Konstad 10. Mary Sneve 10. Ellen og Ove Antonsen 10. Marta Sletvold 20. Eli og Arnold Ofstad 10. Ingeborg og Tomas Sognli 10. Astrid Berge 10. Aslaug Solberg 10. Frøydis Mælen 5. Agnes Syversen 10. Ellen Monsen 10. Magnhild og Erling Hoff 10. Astrid og Aasm. Aasland 10. Johanna Svee 10. Mary og Johan Vuttudal 20. Reidun og Olaf Lian 15. Gudrun og Ivar Rønning 10. Mali Ustad 20. Beret Solligård 10. Mette Solem 20. Anna og Olaf Oddli 10. Olga Vuttudal 20. Kirsten og Morten Viggen 20. E. og B. Kvarsnes 10. Ester Larsen 10. Hjørdis Fiskum 10. Ragnar Karlson 20. N. N. 10.

GEITASTRAND :

Erling Sletvold kr. 10. Eli Ofstad 10. Andr. Meland 20. Hanna Volden 10.

ORKLAND :

Karen og Odd Larsen kr. 20. Jenny og Inge Skjøberg 20. Anna Monset 10. Johanna E. Berbu 15. Sofie og Rasmus Simonshaug 20. Anne Svorkmo 10. Oline Soderlund 10. Ingeborg Berbusmel 20. Magnhild Bjørnbeth 20.

ORKDAL :

Bjarne Bjørndal kr. 10. John Fagerholt 20. Nils Jerpstad 10. Marit og Arvid Ustad 20. Olaug og Arnt Moe 10. Johanna Haug 20. Eva og Johannes Kjøren 10. Signe og Sivert Gjønnnes 20. Elinor og Peder Nystykket 20. Ola Svorkdal 10. Inger og Birger Elybakken 20. Jenny Fossum 20. Lina og Elling Eriksen 20. Ole Larsen 10. Marie Larsen 10. Kristine og Edv. Almli 20. Beret og Arne Fagerholt 30. Beret og Johanna Lefstadaune 100. Randi og Ragnar Gjønnnes 20. Mari og Kolbjørn Sivertsen 15. Magnhild og Torkel Hallien 20. Marta og Ivar Hollum 20. Anne Ødegård 20. N. N. 100. Ingrid og Halvard Morken 10. Johanna Advending 20. Beret og Gunnar Melås 20. Beret Langmo 10. Alf Kjønlø 20. Helene og Jon Asphjell 20. Marie Gisvoldlökk 10.

UTENBYGDS :

Aase Erstad, 2740 Roa kr. 15. Ola Monset, 2830 Raufoss 10. Åse Solem, Levanger 10. Mari Haugstad, 2400 Elverum 15. Gerd Bakksæter Bjerkan, T.heim 20. Beret Berdal, A i Afjord 10. Signora og M. Vaslag, Tr.heim 20. Lars Arve Fandrem, 1370 Asker 20. Marit Jerpstad 10. Ola Jerpstad 10. Grete og Geir Sundset, 7353 Børsa 10. Ingeborg Ingdal, 7370 Selbekken 10. Turid Woldheim, c/o A. Bjørnsen, 1750 Halden 10. Brit Christensen, Sundgt. 9, 2800 Lillehammer 10. Ildri og Ola Løseth, Løkken Verk 20.

RIS OG ROS!

Eg har det med det, at eg nemner det enten det er noko som er «vist eller gæli», — når ein gjer det så kan det verta retta på.

Denne gongen gjeld det songbøkene i Moskyrkja, som mest ikkje er brukande mange av dei.

To gonger berre i sumar og haust har eg vorte ute for at det er borte blad i dei. Ein gong i haust skulle me syngja salma nr. 505 som har fem vers, og har ein mykje vakker gamal tone. Men da me kom til tredje verset stogga songen min brått, — neste bladet var burte. —

Elles er det mange av bøkene som manglar rygg, — er mest berre «lemso» å rekne for.

Så kjære sokneråd, let oss få nye songbøker så me slepp dette.

Dette var no riset å rekne for. Men så vil eg skryte av den vakre kyrkje-

Konstads Bokhandel

Orkanger.

Bøker - Papir
Skolemateriell

Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidskrifter, forretningstrykk m.m.
Telf. og post: 7330 Svorkmo.

80 år i bygdas tjeneste

Moderne butikk - Godt vareutvalg.

Bensin- og servicestasjon.

Velkommen inn.

Svorkmo Handelssamlag

garden vår, og kva som er gjort der for å gjera den så vakker. Eg tykkjer no det at ein skal leite lenge etter å få sjå slik ein vakker gravstad.

Ja det er vakkert både inne og ute i kyrkja vår, og tykkjer å sjå at kyrkjegonga har auka bra i dei siste åra.

Det er hugnadsamt i kyrkja, og det gjeld for folk i alle aldrar.

Kn. L.

Foreldre med barn i 4-5-6-årsalderen, sjå her!

Indremisjonens korttidsarbeider Brynhild Ølstørn skal spesielt ta seg av barne- og ungdomsarbeidet i distriktet.

Ho innbyr 4-5-6-åringar i Grøtte krets til samling i Megård bedehus tirsdag 4. november. Tanken er å ha ei slik samling annankvar tirsdag heile førejulsvinteren. Det vil bli drive med song, leik og praktiske aktivitetar. Vi voner at mange vil gjere seg nytte av dette tilbode.

Tid: Frå kl. 10 til kl. 12.

Orkdal indremisjonsforening.

Til tjeneste!

Det hadde hendt en ulykke utenfor Nationalteatret i Oslo. Ei gutt var kommet syklende i full fart med en pike på stanga. Forhjulet var kommet opp i et trikkspor. Det bar i gata med begge to. Piken blødde fra et dypt kutt i kinnet. Gutten hadde fått et kraftig slag i hodet og virret fortumlet omkring.

Her trengtes hjelp øyeblikkelig. Piken måtte til legevakten. På en parkeringsplass i nærheten er det en offiser som skal til å sette seg inn i jeepen sin. «Kan De kjøre piken til legevakten», spør jeg. Jo, han er villig. Piken blir brakt inn i jeepen, og offiseren er klar til å kjøre. «Men hvor er legevakten?» spør han. «Jeg er ikke kjent her. Er det noen som kan vise veien?»

Da hender det noe. En speidergutt kommer til, stram og kjekk i den grønne uniformen. Han løfter hända til lua på ekte speidervis og hilser: «Til tjeneste!» Han vet veien til legevakten, hopper inn ved siden av offiseren, og det bærer av sted.

Selv om vi ikke er speidere, skulle vi være parat til tjeneste. Hver eneste dag kan det dukke opp ett eller annet vi kan gjøre for andre mennesker.

Jesus har lært oss at det største i verden er å være tjener. Disiplene hadde kjeklet om hvem av dem som var størst. Da sier Jesus at den som vil være stor, han skal være tjener for de andre. Og så minnet han dem om at han selv ikke var kommet for å la seg tjene. Han skulle selv tjene oss.

Det virkelig store er å kunne være så liten at vi med glede kan gjøre små tjenester for andre.

Ord til ettertanke: Tjen Herren med glede! Salme 100, 2.

Hans Høivik «Under regnbuen».

Børa vår

Vi ber alle ei bør gjennom livet —
lett eller tung.

Den lette bører gjer beraren blind,
den tunge bører gjer beraren hugsår.

Det er vondt å vera hugsår,
men verre likevel å vera blind.

Asbjørg Svare.



Klokkene
ringjer
til
guds-
teneste
på
søndag!

9/11. 24. s. e. treeining.

Orkdal kl. 11. Høgmesse v/ res. kap. Eidhamar. Offer til ungdomsnemndas arbeid. Nattverd.

Orkanger kl. 11. Høgmesse v/ spr. Rogstad.

Tirsdag 11/11.

Orkland kl. 19. Musikkandakt/kirkekonsert.

16/11. 25. s. e. treeining.

Orkland kl. 11. Høgmesse v/ spr. Rogstad.

Offer til Institutt for kristen oppseding.



Tirsdag 18/11.

Orkanger kl. 19. Koralkveld/Salmer 73.

23/11. 26. s. e. treeining.

Orkdal kl. 11. Høgmesse v/ spr. Rogstad. Nattverd.

Offer til skolelaget på Follo. Orkanger kl. 11. Høgmesse v/ res. kap. Eidhamar. Nattverd. Offer til Institutt for kr. oppseding.

30/11. 1. s. i advent.

Orkdal kl. 11. Høgmesse v/ res. kap. Eidhamar.

Offer til Bibelselskapet. Geitastrand kl. 11. Høgmesse v/ spr. Rogstad. Nattverd. Offer til Samemisjonen. Buss frå Husdalen. Orkland kl. 19. Lysmesse/speidergudst. v/ res. kap. Eidhamar.

Onsdag 3/12.

Orkanger kl. 19. Ungdomsgudst. v/ menigh.sekr. Solem og res. kap. Eidhamar.

7/12. 2. s. i advent.

Orkanger kl. 11. Høgmesse v/ res. kap. Eidhamar.

Orkdal kl. 20. Lysmesse v/ spr. Rogstad.